



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
07/2022	Levekårsutvalet	PS	08.03.2022
05/2022	Eldrerådet	PS	22.03.2022
06/2022	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	22.03.2022
21/2022	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	15.03.2022
18/2022	Kommunestyret	PS	29.03.2022

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum		19/383

PLAN FOR LEVE HEILE LIVET REFORMA I VAKSDAL KOMMUNE

Vedlegg:

Plan Leve heile livet Vaksdal kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Plan for Leve heile livet reforma 2021 – 2024 vert teken til orientering.

Kommunestyret ber om at plan for Leve heile livet reforma 2021 – 2024 blir konkretisert i ein handlingsplan som prioriterer og tidfester dei enkelte tiltakene. Denne handlingsplanen skal evalueres årlig.

Levekårsutvalet - Sak 07/2022

LEV - Behandling:

Einingsleiar helse Sigrunn Stamnes Vik orienterte om saka.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

LEV - Tilråding/Vedtak:

Plan for Leve heile livet reforma 2021 – 2024 vert teken til orientering.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 21/2022

FPØ - Behandling:

Tilleggsframlegg frå Amalie Johnsen Lunde:

Kommunestyret ber om at plan for Leve heile livet reforma 2021 – 2024 blir konkretisert i ein handlingsplan som prioriterer og tidfester dei enkelte tiltakene. Denne handlingsplanen skal evalueres årlig.

Levekårsutvalet si tilråding vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegget frå Amalie Johnsen Lunde vart samrøystes vedteke.

FPØ - Tilråding/Vedtak:

Plan for Leve heile livet reforma 2021 – 2024 vert teken til orientering.

Kommunestyret ber om at plan for Leve heile livet reforma 2021 – 2024 blir konkretisert i ein handlingsplan som prioriterer og tidfester dei enkelte tiltakene. Denne handlingsplanen skal evalueres årlig.

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Stortingsmelding 15 (2017 – 2018) «Leve hele livet – en kvalitetsreform for eldre» vart vedteken i Stortinget hausten 2018. Reformperioden starta 01.01.2019 og vil pågå ut 2024 med ulike fasar for planlegging, gjennomføring og evaluering. For å verta prioritert ved søknad om statlege midlar knytt til Leve heile livet, er det ein fordel at kommunen har politisk vedteken plan for lokal gjennomføring av reforma.

Målgruppa for reforma er eldre over 65 år, uavhengig av kvar ein bur og kva funksjonsnivå ein har. Målet med reforma er å skapa eit meir aldersvenleg samfunn der eldre kan leva gode liv, delta i fellesskapet og ha ein trygg, aktiv og verdig alderdom.

Reforma har 5 innsatsområde:

1. Eit aldersvenleg Noreg
2. Aktivitet og fellesskap
3. Mat og måltid
4. Helsehjelp
5. Samanheng i tenestene

Med utgangspunkt i reforma, nasjonale og lokale føringar og styringsdokument og innspel frå aktuelle aktørar i Vaksdal kommune, er det utarbeida ein plan for Leve heile livet reforma i Vaksdal kommune 2021 – 2024. Planen er lagt ved saka.

Bakgrunn for saka

Det var opprinneleg krav om at kommunane skulle ha utarbeida plan for Leve heile livet innan utgangen av 2020. På grunn av Covid-19 pandemien som vanskeleggjorde arbeidet med reforma, vart reformperioden utsett med eit år, og kommunale planar skulle jobbast med i 2021. Det har siste året komme signal frå det regionale støtteapparatet om at kravet til eigen kommunal plan ikkje lenger er så absolutt, men at ein kan synleggjera korleis ein jobbar med innsatsområda gjennom anna kommunalt planverk. Det kan likevel vera ein fordel med eigen kommunal plan for Leve heile livet når ein søkjer om utlyste midlar knytt til reforma.

Formelt grunnlag

Vedteken politikk frå Stortinget på området dei seinare åra gjennom fleire stortingsmeldingar. Kompetanseløftet 2020 og Omsorgsplan 2020 med Demensplan 2020 utgjer sentrale delar av fundamentet for eldrereforma. I tillegg kjem Folkehelsemeldinga (Meld. St. 19), Legemiddelmeldinga (Meld. St. 28), Primærhelsetenestemeldinga (Meld. St. 6), Meldinga om nasjonal helse- og sjukehusplan (Meld. St. 11) samt handlingsplanar og strategiar.

Meld. St. 15 «Leve heile livet», «Fleire år – fleire muligheter – Regjeringens strategi for et aldersvennlig samfunn» og St. prop. 15.

Ei rekkje politiske saker i Vaksdal kommune gjennom fleire år knytt til innsatsområda i reforma. Politiske saker knytt til Leve heile livet reforma i perioden frå september 2018 til desember 2021.

Saksopplysningar:

Stortinget vedtok i 2018 Stortingsmelding 15 (2017-2018) «Leve hele livet – en kvalitetsreform for eldre». Reformperioden starta i 2019 og skulle vara ut 2023. Regjeringa vedtok i 2021 å forlenga reformperioden med eit år, d.v.s. ut 2024.

Målgruppa for reforma er eldre over 65 år, uavhengig av kvar ein bur og kva funksjonsnivå ein har. Målet med reforma er å skapa eit meir aldersvenleg samfunn der eldre kan leva gode liv, delta i fellesskapet og ha ein trygg, aktiv og verdig alderdom.

Reforma har 5 innsatsområde:

1. Eit aldersvenleg Noreg.
2. Aktivitet og fellesskap.
3. Mat og måltid.
4. Helsehjelp.
5. Samanheng i tenestene

Reforma skal bidra til at:

- Eldre får fleire gode leveår der dei har god helse og livskvalitet, meistrar eige liv og får den helsehjelp dei treng når dei har trong for det.
- Pårørande ikkje vert utslitne, og at dei kan ha jamn innsats for sine næraste.
- Tilsette opplever at dei har godt arbeidsmiljø der dei får nytta kompetansen sin og får gjort ein fagleg god jobb.

Eldrepolitikk er meir enn helse- og omsorgspolitik. Mange eldre lever fleire tiår som pensjonistar og har aktive og gode liv der dei også ønskjer å delta aktivt og bidra i samfunnet. Folkehelsepolitikk skal bidra til at alle får leva gode liv, også i alderdomen.

Denne reforma har fokus på dei eldre over 65 år for å sikra at det vert tilrettelagt i kommunane og samfunnet på ein måte som er tilpassa den store auken i tal eldre som vil komma i åra framover. Hovudfokus er å skapa eit meir aldersvenleg Noreg og finna nye og innovative løysingar på utfordringar knytt til dei fem innsatsområda.

Eit viktig utgangspunkt er å få spreia dei gode løysingane som alt er prøvd ut i fleire kommunar, og reforma skal sjåast i samanheng med andre relevante nasjonale satsingar.

Helsedirektoratet har det nasjonale gjennomføringsansvaret for reforma. Det regionale støtteapparatet er Statsforvaltaren i Vestland i samarbeid med KS og Utviklingsenter for sykehjem og

hjemmetjenester (USHT). Det regionale støtteapparatet har som oppgåve:

- Å mobilisera og engasjera kommunane i fylket.
- Spreia kunnskap om innhald og virkemiddel i reforma.
- Gi tilbod om støtte og rettleiing til utvikling, iverksetting og evaluering av lokalt planarbeid.
- Invitera til læringsnettverk og erfaringsdeling mellom kommunane.

Det er sett saman eit forskarteam frå ulike kunnskapsmiljø som skal evaluera reforma, og det er egne temasider om Leve heile livet på ulike nettsider:

www.regjeringen.no

www.helsedirektoratet.no

www.ressursportalen.no

www.ks.no

www.utviklingscenter.no

www.aldersvennlig.no

Det følgjer ingen nye kommunale oppgåver med Meld. St. 15, og heller ikkje auka ressursar til kommunane som følgje av omlegging av tenester eller forslag i meldinga. Det vert lyst ut tilskot kommunane kan søkja på knytt til innsatsområda.

Vurdering og konsekvensar

Målet med reforma er at kommunane gjennom god informasjon, planlegging og gjennomføring skal leggja til rette for eit aldersvenleg samfunn der eldre kan meistra livet og ha ein trygg, aktiv og verdig alderdom. Dette er eit viktig mål som må ha kontinuerleg fokus i eit samfunn som opplever sterk vekst av tal eldre.

Vaksdal kommune har mange eldre innbyggjarar, og tal og andel eldre vil auka mykje i tiåra framover. Den demografiske utviklinga saman med auka overføring av oppgåver til dei kommunale helse- og omsorgstenestene, vil utforda kommunen. Det vil derfor verta viktig med fokus på å utforma eit samfunn der det er godt å eldast, og der eldre kan bruka ressursane sine og delta i eige liv og i samfunnet.

I Vaksdal kommune har det i ei årrekkje vorte jobba med utvikling og tiltak innanfor dei fem innsatsområda. Kommunedelplan helse og omsorg danna eit godt grunnlag, og det var breid involvering i prosessen rundt planen. Prosjektorganiseringa «Lev Vel i Vaksdal» hadde fokus på utvikling og kompetanseheving innanfor innsatsområda og involverte breidt innan dei ulike tenestområda samt brukarar, pårørande og råd og utval.

Kommunen har heilt frå oppstart av reforma delteke på konferansar, temamøte, dialogmøte og webinar knytt til Leve heile livet- satsinga. Politikarar, brukarrepresentantar og råd og utval har delteke både i noverande og førre kommunestyreperiode, og særleg Eldrerådet har hatt ei sentral rolle i drøfting og planlegging. Det er søkt om og tildelt tilskot til aktuelle arrangement og tiltak som t.d. fellesmiddag/måltid for eldre og digital rettleiing for eldre samt kompetansehevande tiltak.

Det har vorte gjennomført mykje kompetanseheving i form av kurs, vidareutdanning, webinar, nettverk og ABC-kursrekkjer. Det meste av dette i regi av det regionale støtteapparatet for Leve heile livet satsinga og Vestlandsprosjektet/e-helse Vestland. Nokon av desse tiltaka har vore spesifikt for helsepersonell, medan andre har hatt deltaking frå alle tenestområde, og frå politisk nivå og brukarråd/-representantar.

Det har vore krevjande å jobba med planprosess midt inne i ein pandemi med strenge smitteverntiltak. Periodevis stort fråvær samstundes som ein skal håndtera stadig nye forskrifter og prosedyrar, har krevd sterkt fokus på dagleg drift for å sikra lovpålagde tenester. I tillegg har sentrale aktørar i planarbeidet vore fråværande p.g.a. sjukdom og vakante stillingar i nesten heile 2021.

Hausten 2021 var det litt mindre smitte og smitteverntiltak, og me fekk gjennomført dialog- og innspelmøte med deltaking frå politikarar og administrasjon, råd og utval, pensjonistlag og representantar frå brukarar og frivilligheit samt representantar for tilsette og aktuelle fagmiljø. Kommunale råd og dei tre pensjonistlaga har vore aktive, og pensjonistlaga i kommunen har gått saman om felles innspel til plan for Leve heile livet satsinga. Vaksdal Eldreråd sitt engasjement i prosessen bør framhevast. Dei har vore svært deltakande og aktive, både ved drøftingar og webinar/samlingar og også som pådrivar for brukarmedverknad og utvikling av aldersvenleg og universelt utforma samfunn.

Innspel frå dialog-/innspelmøtet, andre møtefora og samla innspel frå dei tre pensjonistlaga er gjennomgått og sortert etter innsatsområde. Dei mest relevante er presentert i kulepunkta under kvart innsatsområde i planen. I tillegg til desse, har det i prosessen også komme nyttige innspel som er tekne direkte opp med aktuelle fagområde eller avdelingar og har vorte nytta i det kontinuerlege arbeidet med kvalitetsforbetring og tenesteutvikling.

Gjennom det arbeidet som har pågått i ei årrekke i Vaksdal kommune med kvalitets- og tenesteforbetring, har me eit godt grunnlag for å skapa eit aldersvenleg samfunn der det er godt å eldast, og der eldre kan oppleva meistring og deltaking og vera trygge for at dei får gode tenester når dei treng det. Det krev stor grad av samarbeid og samspel og er ikkje noko eit fag- eller tenesteområde kan stå for åleine. Tiltaka i planen ansvarleggjer alle tenesteområda i kommunen, administrasjon, politikarar, brukarar og pårørande, frivillige og lokalsamfunn.

Me ser tydeleg samanheng og «ein raud tråd» gjennom planverk og tiltak frå Kommunedelplan helse og omsorg (2015 – 2030) fram til plan for Leve heile livet, noko dette sitatet frå føreordet i kommunedelplanen viser: «Kommunen kan ikkje åleine løysa dei store utfordringane. For å oppnå god folkehelse, trivsel, lite sosiale skilnader og mest mogleg rett og rettferdig helse- og omsorgsteneste, må alle delta og spela på lag i det som vert eit felles prosjekt. Lukkast me med det, kan me nå visjonen «Aktivitet, deltaking og meistring heile livet».»

Kommunedirektøren vurderar det som positivt å ha ein eigen plan for Leve heile livet- satsinga som saman med andre aktuelle planar og temaplanar vil gi retning for korleis kommunen og Vaksdalssamfunnet kan utvikla seg til å verta meir aldersvenleg. Dette arbeidet er tverrsektorielt og inkluderar heile samfunnet med innbyggjarar, frivillige og lokalsamfunn. Satsingsområde og tiltak frå planen vert følgt vidare opp i aktuelle temaplanar, Handlingsprogram med økonomiplan for fireårsperioden og Årsbudsjett med mål for året.